

Referat frå telefonmøte 05.12. 12 NKK region Vestlandet

Til stades ; Irene, Barbro, Knut, Linn , Inger og Kristin
Forfall: Monica, Laila og Sølvi

Sak 34/12 NKK region Vestlandet og NKK utstilling i Ålesund mai 2013

Denne saka har vore drøfta som e-post sak i styret. Etter møtet i Ålesund den 07.november tok leiar kontakt med resten av styret med eit framlegg om å sende eit brev til NKK . Styret støtta dette samla.

Vedtak:

Styret i NKK region Nordvestlandet trekker tilbake aksepten om at regionen påtar seg ansvaret for å arrangere NKKs internasjonale utstilling i Ålesund i 2013. Vi tilbyr oss å ta ansvar for det tekniske arrangementet, og stille med lokalt personale til «opplæring» (utstillingsleder/informasjon) for om mulig å påta oss det totale ansvaret ved senere arrangement.

sak 35/12 Godkjenning av innkalling og referat

Ingen merknader til innkalling og referat .

Sak 36/12 Utsendelse av skriv/e-post vedrørende regionen

Irene sende ut dette til styret den 19.10.12 på e-post. Ingen har kome med merknader. Dersom nokon i styret har innspel, kan dei kontakte Irene. Informasjonsskrivet vert sendt til klubbane i regionen.

Sak 37/12 Kursbehov i regionen

Fleire har medlt ønske om instruktør trinn I utdanning. Irene prøver å finne instruktør til kurs i Florø området. Linn Fjæren har sagt ja til å vere med å organisere eit kurs der. Barbro orienterte om at det blir halde trinn I kurs i Ålesund årleg i regi av Sunnmøre Hundeklubb.

I samband med den store NKK utstillinga vi skal delta på, er det behov for kurs for skrivarar i utstillingsringane. Barbro vil arbeide for eit slikt kurs i Ålesundsregionen.

Sak 38/12 NKK utstillingen i Ålesund

NKK sentralt vil stå ansvarleg for NKK utstillinga i Ålesund i 2013. Irene har sagt ja til å gå på opplæring som utstillingsleiar saman med staben frå NKK. Det er ønskeleg at nokon i styret eller i ein av klubbane i regionen vil vere med på opplæring i sekretæriersarbeid / informasjonsarbeid knytt til utstillinga. Dette vil gjere regionen bedre budd til å ta fullt ansvar for ei NKK utstilling ved eit seinare høve. Irene tek med dette i informasjonskrivet til klubbane i regionen.

Regionen har sett visse kriterium for vidare arbeid med utstillinga, innsyn i økonomi m.m. Irene har denne dialogen med NKK og vil rapportere til styret etter kvart.

Sak 39/12 Referat fra Representantskapsmøtet i november

NKK har sendt ut referatet pr. e-post den 4.12.12. sendt av Mette Johansen.

Det vart løyvd mykje pengar til IT, det er eit behov for at alle datasystem skal fungere optimalt i NKK systemet.

Sak 40/12 Referat fra Dialogmøte

Det var eit tett program på møtet og Irene fekk ikkje høve til å stille spørsmål om tildeling av championatrossett for brukshundar.

Leiar i dommarforeininga heldt eit innlegg om talet på cert som vert utdelt gjennom året på store og små utstillingar. Han legg til grunn at talet på cert som delast ut i året må ned. Irene ba Inger om å lage framlegg til svar på dette når saka kjem ut på høyring i regionane. Noreg er den einaste medlemslandet i FCI som gjev løyve til at raseklubbar kan arrangere utstilling for fleire enn si eiga rase.

Sak 41/12 NKKs hedersbevisninger – tildelinger og retningslinjer

GRATULERER til Inger som har fått hedersmedalje i sølv frå NKK!

NKK sende den 27.11.12 ut oversikt på retningslinjer for tildeling av hedersbevis til regionen. Det er frist i mai 2013 for å melde inn aktuelle kandidatar til hedersbevis. Regionstyret skal vurdere om det er aktuelle kandidatar i klubbane i regionen. Saka kjem opp att over nyttår.

Sak 42/12 Høring ang reaksjoner rettet mot hund

Styret har opplevd dette skrivet som tung lesnad der det er uklart kva vi er bedne om å ta stilling til. Vi tek saka oppatt på neste møte i februar.

[Nytt møte 13 februar 2013 kl 19.30 på skype.](#)

For styret

Kristin Dyrkorn

-skrivar-